

Førde, 20. mars 2024.

REFERAT FRÅ STYREMØTE I REGION S&F, ONSDAG 20.MARS 2024 kl. 20.00, TEAMS.

Desse var med: Herborg H. Eikeland, Dan Solberg og Johan K. Kjerstad. Martine Viken melde forfall.

1) Valnemnda i NVBF Region Sogn og Fjordane

Nemnda er kontakta pr. februar 2024 ved leiar Ole Morten Vassdal, og gitt melding om å starte opp arbeidet med å gi regionen eit nytt og godt styre til Valmøtet 2024.

Teke til vitande

NB! I møtet kom det fram fleire namn på ungdomskandidatar til styret i Region Sogn og Fjordane. Desse skal vert formidla til valnemnda ved Leiar Ole Morten Vassdal!

2) Fastsetjing av Valmøte i NVBF Region Sogn og Fjordane 2024

I samråd med Elisabeth Bjørvik i NVBF er vi samde om at måndag 29. april kl. 19.00 er ein høveleg dato og tidspunkt for gjennomføring av Valmøte i Region Sogn og Fjordane.

Stad: Halbrend skule. Innkalling kjem før påske!

Vedteke!

3) Aktivitetsstøtte til klubbane i Region Sogn og Fjordane våren 2024

Sjå gjennom framlegg til Aktivitetsstøtte til klubbane i Region Sogn og Fjordane. (vedlegg 1.) Dette er laga litt i frustrasjon over at det har vore tungt å få oversyn og god framdrift i arbeidet med å få brukt noko av midlane frå eigenkapitalen til beste for klubbane i regionen vår. Vi får ikkje bruke av denne til td. lønsmidlar sier NVBF sentralt. Vi prøver no å setje nokre rammer for klubbane, så får dei komme med framlegg til kva dei vil gjere, og korleis dei vil bruke pengane(halleige, servering av mat og drikke og eventuelt naudsynt utstyr.)

Vedteke!

NB! Leiar i Region Sogn og Fjordane syter føre at Elisabeth Bjørvik i NVBF sender ut søknadslink med informasjon til klubbane!

4) Handlingsplan og prioriterte arbeidsområde for volleyballen i Region Sogn og Fjordane sesongen 2024/2025. Styret ønskje å ha ein diskusjon på Valmøtet rundt det å satse på følgjande prioriterte område i 2 år framover:

- a) **MINIVOLLEYBALL med fokus på å lære opp foreldreinstruktører og lagleiarar,** samt auka fokus på spelmodellane nivå 1-4, frå 3. til og med 6. klasse, og forpliktande deltaking på minivolleyballturnering frå klubbane i denne aldersgruppa!

- b) **TEEN-volleyball.** Skal vår region oppleve auka tilslutning og gode tilbod i bygder og grender, så må dei etablerte klubbane skjønne og ta ansvar for at det vert spela TEEN-volleyball opp til 17 år som eit minimum! Utan dette, vil ikkje små klubbar og miljøa få eit kamptilbod som er godt nok! Pr. i dag er dette ei stor utfordring for regionen vår! Dette må vi løyse saman!
- c) **Volleyball i skulen** – NVBF har instruktørar og folk som kjem på besøk om ein er tidleg ute og planlegg godt. Er dette tilstrekkeleg, eller ser vi føre oss lokale tilpassingar som kan vere betre ? Kva tenkjer de?

FRAMLEGG: Framlegget til handlingsplan og fokusområde vert å ta opp i Klubbtimen under Valmøtet 29. april.

Vedteke!

5) **Søknad til Sparebankstiftinga 1. september 2024.**

Denne ligg ved og de kan sjå kva tankar eg har rundt volleyballutviklinga i regionen vår og korleis eg tenker vi kan stimulere han. Kva meiner De som sit i styret? Ser De andre måtar å gjere dette på? Kan vi prøve å gjere det på denne måten ?

FRAMLEGG: Saka vert å ta opp med klubbane på Valmøtet 29. april, Klubbane sin time. Vi ønskjer også besøk frå NVBF, gjerne Utviklingssjef Sønstebø. Leiar arbeider vidare med å finpusse på rammene for søknaden, og orientere klubbane om planane og gjennomføringa av prosjektet.

Vedteke!

Johan K. Kjerstad

Leiar NVBF Region og Fjordane

Mob.: 9938 3399